

STIFTINGA  
**G-KULTUR**

www.g-kultur.no

Oslo, 30. juni 2020

P R E S S E M E L D I N G

**Hyttesal ga 1,5 mill kr til kunst- og kulturtiltak knytta til Gudbrandsdalen**

Styret i Stiftinga G-Kultur hadde sitt siste møte 25. juni 2020, og stiftinga er nå avvikla, etter 6 ½ års verksemd.

På styremøtet vart det gjort følgjande, siste tildelingar av tilskot:

- 12.000 kr. til **Diktardagar 2020** i Lom, til delseminar med forfattarar frå skriftsamlinga *Unge røyster 2020*, som Stiftinga G-Kultur lanserte 1. februar 2020.
- Resterande midlar etter Stiftinga G-Kultur går som publiseringstilskot til **Årbok for Gudbrandsdalen**, og ser ut til å bli på minst 30.000 kr.

Stiftinga G-Kultur har vore ei vidareføring av Gudbrandsdalslaget i Oslo (nedlagt i 2013), og midlane kom etter sal først av lagshytta Skjennungstua i Nordmarka (1993) og deretter lagshytta på Kjøvangen i Son (2011). Det vart alt på eit styremøte i 2016 vedteke at stiftinga skulle avslutte verksemda i 2020, 100 år etter at Gudbrandsdalslaget vart oppretta.

:/: Vedlagt er sluttrapport om verksemda til Stiftinga G-Kultur.

**Publikasjonar**

- Dei to publikasjonane *Da var laget godt å ha – Gudbrandsdalslaget i Oslo 1920-2013* og *Unge røyster 2020* kan kjøpast ved å kontakte ein av dei nedannemnde. Pris pr publikasjon 100 kr. + ev. porto.

:/: På side 2 er ei oppsummering av dei viktigaste tiltaka Stiftinga G-Kultur har gjennomført.

Med beste helsing  
Stiftinga G-Kultur

---

**Kontakt:**

Knut Hovslien, styreleiar	knut.hovslien@online.no	9719 5148
Kjell Austin, nestleiar/sekretær	kaustin@online.no	4150 9460
Lars Ole Ørjasæter, kasserar	sectormedia@getmail.no	9085 9406

# STIFTINGA G-KULTUR

## **Stiftinga G-Kultur sine viktigaste tiltak gjennom 1. januar 2014 – 30. juni 2020:**

- 1) Det er gjeve tilskot med totalt 692.000 kr. til 64 kunst- og kulturprosjekt med tilknytning til Gudbrandsdalen.
- 2) Arkivmaterialet og egedelane etter Gudbrandsdalslaget er overlevert Opplandsarkivet på Maihaugen.
- 3) *Da var laget godt å ha – Gudbrandsdalslaget i Oslo 1920-2013* vart gjeve ut i april 2017. Forfattar og journalist Magnhild Bruheim skreiv boka.
- 4) Soluret frå Skjennungstua, den tidlegare lagshytta i Nordmarka, fekk i september 2017 permanent plassering på Hundorp gjennom samarbeid med Gudbrandsdalsmusea, Pilegrimssenter Dale-Gudbrands Gard og grunneigar Rasmus Stauri.
- 5) Skrivekonkurransen *Unge røyster* i 2019 og utgjeving av skriftsamling *Unge røyster 2020*, med fem honorerte bidrag frå skrivekonkurransen og med tekster frå fire særskilt inviterte forfattarar.
- 6) Kulturarrangement *Utflytt døl* 1. februar 2020 i Nynorskens hus i Oslo markerte 100-årsdagen for opprettinga av Gudbrandsdalslaget og avviklinga av Stiftinga G-Kultur innan 30. juni 2020.